



Deltakarane på jentelaga våre.

Laurdag vart den tradisjonsrike Trio-stafetten arrangert for 50. gong. Sjølv om det var noko nedgang i talet på deltakarlag frå i fjor, var Uskedalen med og prega stafetten med fire og eit halvt av dei 19 laga som deltok. Alle gjorde ein flott innsats, og jentelaget van sin klasse som i fjor.



Vinnarlaget i jenteklassen.(Foto: Trio)

Det sterke jentelaget vann føre eit mixlag som i tillegg til uskedelingar hadde løparar frå Ternen og Rosendal på laget.

- Vi var nok favorittar på førehand, men dette var både vått og gøy, sa ei av jentene, Amalie Hovden Rød til avisa Kvinnheringen etter løpet. Saman med Amalie sprang Ella Karina Hjørnevåg, Emma Myklebust Ripel, Anna Elisabeth Samland Eik, Saima Kristine L. Døssland og Hanna Tvilde på gull-laget. På mixlaget som kom på andreplass, var Silje Soldal, Sunniva Erslund Myklebust og Ruth Maria Myklebust frå Uskedalen, Julie Soma Erslund og Lotte Ness begge frå Ternen og Marta Hjelmeland frå Seimsfoss med på laget. Mixlaget var eit flott tillegg! Samarbeidet førte til at fleire fekk springa, og ekstra kjekt var det for jentene sidan dei kjenner kvarandre frå skisamlingar og andre samanhengar i skimiljøet.

Det unge gutelaget gjorde og framifrå innsats. Dei møtte svært sterk motstand, og Rosendal sitt sterke lag vann. Også dei vann i fjorårets stafett. På gutelaget sprang William Hjørnevåg, Torbjørn Haugland, Kristian Øvstebø, Patrick Stensletten, Tobias Berge-Soldal og Marcus Myklebust.



Rekruttlag jenter

I tillegg til desse laga i konkurranseklassen var det også to rekruttlag frå Uskedalen, eit jentelag og eit gutelag. Rekrutt laga hadde 4 løparar og alle løparane sprang atappar på 60m. Dessutan sprang alle laga to ganger. Kjekt hadde dei det og springa kunne dei verkeleg. På rekruttlagar sprang Amund Berge Soldal, Petter Myklebust, William Samland Eik og Andre Øvstebø, og Karoline E. Myklebust, Linnea Myklebust Ripel, Norah Hjørnevåg og Sigrí Lekva.



Rekruttlag gutar.

Sjølv om det var ein våt laurdag, hadde dei som sprang det kjekt. Neste år håpar både dei og arrangørane at fleire lag vert med.

Fleire fine bilde finn de [på UIL si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel



Ventar på veksling.